

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjer

Søknad om senking av LRV i Grønsdalsvatnet i Samnanger kommune

BKK Produksjon AS søker om å endre manøvreringsreglementet for Samnangervassdraget ved å senka lågaste regulerte vasstand (LRV) i Grønsdalsvatnet. Dei vil senke det med 9 meter i frå kote 188 til kote 179.

Bakgrunnen for søknaden er behovet for tilsyn og periodisk vedlikehald av sugerør, tunneler og luke, som krev senking under LRV jamleg.

Søknaden blir handsama etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6.

Søknaden er tilgjengelege på NVE sin internettside: www.nve.no/Vannkraft og er lagt ut til offentleg gjennomsyn på ekspedisjonen på kommunehuset i Samnanger.

De kan få ein papirversjon av søknaden ved å kontakte Sigve Næss på e-post Sigve.Ness@bkk.no eller tlf 55 12 90 19

Fråsegner sendast gjerne via internett www.nve.no/vannkraft, til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogeleg og seinast innan **12. august 2016**.